



Leiknes Fus Barnehage AS
Storneset
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1192 - 18/30352

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
24.10.2018

Vedtak om godkjenning av Leiknes FUS barnehage

Vedtak:

Leiknes FUS barnehage vert godkjent etter Lov og barnehage § 10 Godkjenning. Godkjenninga er ei stadfesting av tidlegare godkjenning etter Lov om barnehage.

Leiknes FUS barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 444 m². Barnehagen er godkjent for 104 barn over 3 år.

Rettleiande arealnorm for barns leikeareal inne er 4 kvadratmeter netto per barn over 3 år og 5,3 kvadratmeter netto per barn under 3 år. Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks gangar så stort som leike- og opphaldsarealet inne. Leiknes FUS barnehage har eit uteområde på 1 850 kvadratmeter. I tillegg har dei eit fint naturområde som grensar til barnehagen. Barnehagen oppfyller såleis rettleiande norm for uteareal.

Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og i høve til godkjent areal.

Rådmannen legg til grunn at Leiknes FUS barnehage vert driven etter dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld for barnehagedrift.

Orientering om enkeltvedtak:

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen de får dette brevet. Klagen skal stilast til Lindås kommune v/ Astrid N. Sylta, og den må grunngjevast. Får de ikkje medhald eller delvis medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Leiknes Fus Barnehage AS

Storneset

5915

HJELMÅS